

Nest sist over sommaren

25.06.2013

Etter å ha tapt 8 av 11 kampar vert herrelaget til Rosendal liggjande nest sist til seriestart i august. Det har 9 poeng, som Erdal og berre Hetlevik ligg bak med 6 poeng. Særleg bittert var det at laget, forøvrig med 3 uskedelingar, tapte for Løvsbakken med 1-2 6 minuttar på overtid i helga. Slutten av kampen var prega av stor dramatik.

Uskedelingane på laget var Tommy Røssland, Anders Bakke Berntsen og Kristoffer Rød. Laget spela godt mot eitt av dei beste laga dei har møtt og leiinga er optimistisk framfor haustsesongen. Fyrst på lista då står Halsnøy som ligg som nummer 3 etter Fitjar og Vestsiden-Askøy.

Av Ola Matti Mathisen